

Bjørn Atle Nævdal  
Kleivdalsvegen 30 A  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/11075 - 20/47675

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)

Dato:  
04.08.2020

## Førebels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gbnr 196/166 Midtgård

Tiltak:  
Byggjestad:  
Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad om mur 08.06.2020. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen vurderer at muren ikke er søknadspliktig etter plan- og bygningslova kap. 20, dvs. at muren ikke krev byggeløyve, men at tiltaket er i strid med byggegrensa slik ho går fram av reguleringsplanen og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon.

## Situasjonsplan og plankart med byggegrense



Dispensasjon er ein skriftleg grunnlagt søknad. Dispensasjonen må nabovarslast. Vil legg ved rettleiar i dispensasjonssaker som inneheld eit søknadsskjema som du kan nytta.

Vi har vore i kontakt med kommunen si vegavdeling om saka. Dei tilrår at avstand frå asfaltert vegkant skal vera minimum 1,0 meter.

Du må teikna inn tiltaket inn på situasjonsplanen på ny og føra på avstand til asfaltert vegkant kommunal veg og nabogrense.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.09.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innlasting av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkningar i saksgangen.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland S

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjørn Atle Nævdal

Kleivdalsvegen 30 A

5915 HJELMÅS

Mottakgrar:

Bjørn Atle Nævdal

Kleivdalsvegen 30 A

5915 HJELMÅS